



Dette er det sittande soknerådet og i tillegg kjem Tormod Olav Myklebust som ikkje var med på møtet. Frå venstre sit Gunnvor Myklebust (første varamedlem), Gunnbjørg Stensletten Eik og Møyfrid Einang Kristoffersen. Bak står frå venstre Mette Lauvsnes, Inger Anne Leite, Reidar Myklebust og sokneprest Sven Harald Nilsen

**2011 er eit nytt år også for kyrkjeval og det blir avvikla 11. og 12. september og vil gjelda for perioden fram til 2015. Det blir også vald bispedømmeråd. I Uskedalen vil det bli fleire nye i soknerådet, skal ein dømma utifrå kandidatlista som er lagt fram.**

No er desse 6 faste medlemmer av soknerådet: Møyfrid Einang Kristoffersen (leiar), Gunnbjørg Stensletten Eik (nestleiar), Inger Anne Leite (kasserar), Mette Lauvsnes (skrivar), Reidar Myklebust og Tormod Olav Myklebust faste medlemmer medan Gunnvor Myklebust, Ingunn Olsen, Jan Henrik Hansen, Kjell Yri og Torhild Einang Vivelid er varamedlemmer.

Desse 11 vart valde med ein frammøteprosent på 15 ettersom 112 av 739 røysta. Frammøtet var langt større enn då valet tidlegare gjekk føre seg i kyrkja i kombinasjon med ei gudsteneste. På landsbasis var frammøteprosenten 13 - den var altså eit hakk høgare her.

Møyfrid Einang Kristoffersen, Tormod Myklebust, Gunnbjørg Stensletten Eik, Kjell Yri, Reidar Myklebust og Ingunn Olsen stillar til attval medan desse 5 er nye kandidatar: Kåre Magnus Rød, Hans Reidar Kjærland, Ove Magne Myhre, Eva Reime Ljosnes og Inger Lise May Voll..

I siste nummer av Kyrkjelydsbladet blir det slege fast at dette er eit godt år å halde kyrkjeval i. Her blir det vist til at ein i dei komande åra skal bestemme rammene for det nye tilhøvet mellom kyrkje og stat. Ei ny kyrkjeordning skal vedtakast og nye liturgiar takast i bruk. Det nye vil bety noko for korleis kyrkja står fram.

Alle medlemmer av kyrkja som er fødd i 1996 og før får valkort i posten og der står røystestad og kandidatnamn. Ein kan førehandsrøysta på kyrjekontoret på Husnes frå og med 11. august. Alle i Uskedalen som før har høyrte under Rosendal skal heretter henvenda seg til Husnes-kontoret.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen